

## Prosedyre for primærkontaktfunksjon innan Meland sjukeheim og Meland heimeteneste

Status	Gjeldende
Ikrafttredelse:	19-01-2015
Type:	Prosedyre
Utstedelse:	19-01-2015
Sist revidert	19-01-2015
Neste revisjon	19-01-2016
Ansvarlig	Randi R. Minde og Britt Romarheim
Eier	Kathrine S. Brakstad
E-post	<a href="mailto:kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no">kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no</a>

### **Prosedyre for primærkontaktfunksjon innan**

#### **Meland sjukeheim og Meland heimeteneste**

##### **Føremål**

I Meland Kommune skal pleie og omsorgstenesta organiserast etter primærkontakt prinsippet. Kvar einskild pasientar/ brukarar få tildelt primærkontakt for å sikre god individuell teneste av høg fagleg kvalitet.

Dette skal sikre at:

- Pasient/ brukar får kontinuerleg oppfølging og helsehjelp av god kvalitet.
- Pasient/ brukar får oppfylt sine rettar i følge lov og forskrift.
- Pasient/ brukar opplever respekt, verdighet og toleranse..
- Pasient/ brukar har medverknad i høve til eigen helse- og omsorgsteneste

##### **Lovgrunnlag**

Kvalitetsforskrift [Forskrift om kvalitet i pleie og omsorg](#)

Pasientrettighetsloven [Pasient- og brukerrettighetslov](#)

Helsepersonell loven [Helsepersonellova](#)

Helse og omsorgslova [Helse og omsorgstenestelov](#)

Vergemålslova [Vergemålslov](#)

##### **Omtale**

Ved sjukeheimen vil alle pasientar få tildelt ein sjukepleier og helsefagarbeider som primærkontakt.

I heimetenesta vil alle pasientar / brukarar få tildelt primærkontakt. Tjenestevedtaket avgjer kva kompetanse primærkontakten skal ha.

Ein primærkontakt skal **sikre** følgjande oppgåver:

- Oppretthalde dialog med pasient/ brukar og pårørande.
- Ivareta kontinuitet, stabilitet og individuell omsorg for pasient/ brukar.
- Kontakt med lege og spesialisthelsetenesta.
- Innkomstrappport/ samtale – innhenting / oppdatering av helseopplysningar / nettverk osv Sjå avdelingsvis sjekklister. (vedlegg)
- Kontinuerleg oppdatering av hovudkort, diagnosar, tiltak/ pleieplan og Iplos.
- Ansvar for å dokumentere, rapporter tenestebehov/ endringar i tenestebehov og oppdatere arbeidsplan i f.t. gjeldande vedtak. Endringar i tenestebehov skal meldast til nærmaste leiar slik at mellom anna vedtaket kan justerast.
- Bidra til verjemåls oppnemning.
- Tverrfageleg samarbeid rundt pasient/ brukar, dokumentere dette i elektronisk pasientjournal.

- God informasjonsflyt slik at pasient / brukar sine behov vert formidla til nødvendig personalet (internt innan tenesteområdet, mellom tenesteområda og i høve til spesialisthelsetenesta) og oppdatera pleie- / miljø- / individuell- plan.

**Ansvar/mynde**

Avdelingsleiar skal utpeike primærkontaktar til pasientar/ brukar.

**Kvalitetsmål**

Sikre god kvalitet og kontinuitet på pleie og omsorgs tenesta til kvar einskild brukar.

**Evaluering:**

Evaluerast årleg innan utgangen av februar , jmf årshjul

**Kryssreferansar:**

Henvising til andre aktuelle prosedyrar

**Vedlegg:**

Sjekklister Meland Sjukeheim

Sjekkliste Heimetenesta.